

Europaparlamentet drøfta rettsstatsprinsipp knytt til Polen, Ungarn og langtidsbudsjettet

29. juni 2018

- *Kommisjonen er uroa over domstolsreforma i Polen som den meiner fører til at regjering og parlamentet kan kontrollere heile rettsapparatet*
- *Brei støtte i Europaparlament til Kommisjonens linje med unnatak av representantar frå ECR-gruppa som det polske regjeringspartiet er med i*
- *Europaparlamentet meiner det også bør innleiest ein granskingsprosedyre mot Ungarn*
- *Kommisjonen har foreslått ein ny rettsstatsmekanisme i langtidsbudsjettet. Om den blir vedteke vil den medføre kutt i overføringar til land med manglar i rettssystemet*

Borgarretts-, justis- og innanrikskomiteen (LIBE) i Europaparlamentet drøfta i går rettssituasjonen i Polen med visepresident Frans Timmermans i Europakommisjonen. Han kommenterte også framlegget til ein ny rettsstatsklausul i det nye langtidsbudsjett.

Frans Timmermans møtte den polske statsministeren 18. juni for å drøfte situasjonen. Dette er eit av mange møter Kommisjonen har hatt med polske styresmakter etter at den i 2016 [innleia ei granskning av Polen etter EUs rettsstatsmekanisme](#) (såkalla artikkel 7-prosedyre). I siste instans kan den medføre at Polen mister stemmeretten, jamvel om det krev eit samrøystes vedtak blant dei andre medlemslanda i EU. Timmermans sa Kommisjonen ikkje er i mot reform av domstolane, men at dette må skje på ein måte som er i samsvar med Polens pliktar etter EU-traktaten. Alle internasjonale rapportar som har sett på utviklinga i Polen er samde om at endringane er problematiske. Dette inkluderer både FN, OSSE og Europarådet. Timmermans sa den samla effekten av dei mange endringane som er og foreslått gjennomført i Polen, trugar maktodelingsprinsippet og gjev i praksis parlament og regjering kontroll over domstolane.

Timmermans viste også til at det allmenne rådet 26. juni hadde ei [høyring om situasjonen](#) i Polen. Det er fyrste gong ei høyring knytt til artikkel 7 finn stad i Rådet. Han sa det hadde vore ei god høyring med poengterte spørsmål og der den polske regjeringa hadde fått rikeleg med tid til å presentere sitt syn og svare på spørsmål. Rådet vil ta stilling til eventuelle vidare steg på sitt neste møte, men Kommisjonen vil uansett halde fram med prosessen mot Polen.

Kommisjonen fekk brei støtte frå medlemmer i komiteen frå sentrum høgre (EPP), sentrum venstre (S&D), dei liberale (ALDE), ytre venstre (GUE/NGL) og den grøne gruppa. Dei viste til at Kommisjonen har til oppgåve å sikre at EU-landa følgjer traktaten og at dette er viktig for tilliten til EU. Uavhengige domstolar er ein sentral del av EU-samarbeidet. Det vart her vist til at [EU-domstolen i går uttalte](#) at dersom det er tvil om dette, kan eit anna EU-land nekte å utlevere ein borgar i samsvar med den europeiske arrestorden. Den konkrete saken gjeld at ein irsk dommar ikkje vil sende ein polsk borgar tilbake til Polen fordi dommaren meiner det er tvil om vedkommande vil få ei fri og uavhengig rettssak.

Timmermans vart spurt om kva konkrete tiltak Kommisjonen vil ta, spesielt i høve lovendringa planlagt 3. juli som vil føre til at 40 prosent av dommarane må gå av for aldersgrensa. Han fekk også spørsmål om det er ein samla Kommisjon som står bak Timmermans i drøftingane med Polen? Fleire meinte Kommisjonen også burde sjå på andre utviklingstrekk i Polen inkludert sivilsamfunnet, kvinners rettar og ytrings- og mediafridomen. Fleire polske parlamentarikarar kom med klare oppmodingar om at Kommisjonen må vere garantist for den polske rettsstaten.

Mange i debatten kommenterte også utviklinga i Ungarn. [LIBE-komiteen røysta tidlegare denne veka](#) over ein [resolusjon](#) som kritiserer utviklinga i Ungarn og tek til orde for å sette i

verk ein såkalla artikkel 7-prosedyre også mot dette landet. Det vart lagt merke til at 8 medlemmer av sentrum høgre gruppa (EPP) røysta for dette. Det ungarske regjeringspartiet er medlem i EPP og EPP har så langt vore tilbakehaldne i sin kritikk av utviklinga i Ungarn.

Medlemmer i den konservative gruppa (ECR) som også det polske regjeringspartiet er med i, var dei einaste med eit anna syn i debatten om Polen. Fleire polske MEP hadde ordet og kritiserte Kommisjonen for å fokusere einsidig på Polen, for å godta tilsvarende system i andre EU-land som Polen blir kritisert for og for ikkje å respektere den polske folkeviljen og den demokratiske valde polske regjeringa. Dei stilte også spørsmål ved konklusjonane til Venezia-kommisjonen og andre rapportar. I eit innlegg vart det polske EPP-medlemmen Michal Bodi skulda for å ha vore russisk medløpar under Sovjet-tida. I eit svært emosjonelt svar sa Bodi at han hadde vore med i Solidaritet på 1980-talet. Dei kommunistiske styresmaktene hadde truga med å ta frå han barnet hans om han ikkje signerte ei samarbeidserklæring med det daverande regimet. Dette er allment kjent og det var uohøyrte å trekke dette inn i debatten om dagens utvikling i Polen.

Timmermans sa i si avslutning at det er berre det polske folket som kan forme samfunnet og institusjonane. Men han gjentok at Polen har signert ein traktat som gjev visse rettar og plikter som EU-medlem. Dette gjeld ikkje minst artikkel 2 knytt til rettsstatsprinsippa. Han ville ikkje drøfte andre deler av utviklinga i Polen, debatten i går handla om domstolsreforma. Kommisjonen opnar traktatbrotssaker mot mange EU-land og det er ikkje riktig at Kommisjonen berre fokuserer på Polen. Kommisjonen vurderer kva som skal vere neste skritt, men har ikkje teke stilling til dette. Kommisjonspresident Jean-Claude Juncker og resten av kommisjonsskollegiet samde i vurderingane av Polen. Han sa det var symptomatisk at MEP frå det polske regjeringspartiet ikkje gjekk inn i substansen, berre kom med personåtak og viste til at andre land også burde vore granska. Faktum er at alle uavhengige rapportar er samde om at utviklinga i Polen går i feil retning. Han spurte om dei verkeleg ynskjer ein situasjon i Polen der regjeringa og parlamentet kontrollerer domstolane? Det er opp til Polen å kome med framlegg som kan bidra til ei løysing. EU og Polen treng ikkje bli samde om alt, men det må finnast ei løysing som sikrar den polske rettsstaten.

Han kommenterte avslutningsvis [framlegget til ein ny rettsstatsmekanisme](#) i langtidsbudsjettet for EU for 2021-2027. Timmermans viste til at formålet er å hindre misbruk av europeiske skattepengar. Den vil gje EU høve til å suspendere, redusere eller avgrense tilgangen til EU-finansiering på ein måte som er proporsjonal med type, seriositet eller omfanget av manglane med rettsstatssituasjonen i eit land. Det er Kommisjonen som kan gjere framlegg om slike tiltak og det må vedtakast av Rådet med kvalifisert fleirtal.

Kommentar

Debatten i går følgde kjende spor der MEP frå det polske regjeringspartiet ikkje kommenterer i substansen og der dei andre partia er samde med Kommisjonen. Ungarn og Polen vil gjensidig sørge for at det aldri blir semje om eit vedtak om å ta frå desse landa stemmeretten. Desse landa er også i mot den nye rettsstatsmekanismen i langtidsbudsjettet. Dei meiner den vil gje for stort rom for vilkårlege kutt i overføringane. Ungarn og Polen vil ikkje berre vere viktig i samband med langtidsbudsjettet, men kan bli tema også i valkampen fram mot valet til Europaparlamentet i mai neste år. Ein del moderate EPP-medlemmar frå t.d. Nederland og Sverige har problem med å forsvare at det ungarske regjeringspartiet ikkje berre er med i EPP, men også er med utan å bli kritisert i nemneverdig grad. Samstundes har EPP mange langt meir konservative medlemmer som har mindre problem med å inkludere Ungarn i gruppa. ECR på si side er i dag dominert av dei britiske toryane og det polske regjeringspartiet. Etter brexit vil det polske regjeringspartiet vere på jakt etter nye samarbeidspartnarar. Etter valet er det derfor eit uvisse knytt til korleis dei politiske gruppene vil vere sett saman og sjå ut.

Med helsing

Per S. Nestande
seniorrådgjevar
Stortingets Brussel-kontor
internasjonal avdeling



Telefon: +47 23 31 36 11
Mobil: +47 917 68 598
E-post: psn@stortinget.no